

ENKLE GREP FOR Å FÅ KONTROLL
på språkinnstillingane på
elevmaskinene. **S. 2**

ÅTTE TIPS til korleis skulane kan
gje nynorskelevane betre
språkleg sjølvttillit. **S. 6**

SIDEMÅLSPLAN: Slik kan du lage
ein heilskapleg plan for opplæringa i
nynorsk som sidemål. **S. 8**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 38 | HAUSTEN 2022 | EIT BLAD OM NYNORSK FRÅ BARNEHAGE TIL VIDAREGÅANDE SKULE



Ved å få på plass enkle rutinar for språkinnstillingane på elevbretta og datamaskinene kan lærarane skapa eit betre nynorsk, digitalt språkmiljø for elevane.

Få kontroll på språkinnstillingane

TEKST: **Arild Torvund Olsen**

I 2020 UNDERSØKTE avisa Framtida i kva grad lærarane synest det er lett å ha kontroll på innstillingane på elevmaskinene. Svara frå lærarane viser at mindre enn ein femtedel av dei synest det er lett å ha slik kontroll. Kva kan gjerast for å gjera det lettare?

I dag er det altfor ofte slik at ingen tek ansvar for å passa på innstillingane til elevane. Lærarane er vande med at papirlærebøkene kjem på nynorsk til skulen, og mange tenkjer, logisk nok, at det her går automatisk med dei digitale læremidla òg. Resultatet er at mange elevar sit med bokmålsutgåva av læremiddel som faktisk finst på nynorsk, ofte utan at lærarane veit at det er bokmålsutgåva som er på elevmaskinene. Og skulekontoret, rektorane og andre sit og trur at alt er i orden i skulane i kommunen. For det er mykje som må stillast inn rett, anten det handlar om språkval i ulike digitale læremiddel eller om

innstillingar for stavekontroll og inndataspråk. Her må kommunane få på plass retningslinjer og rutinar. Nynorsksenteret samarbeider no med Volda kommune om å utforma ein rettleiar for slikt arbeid, men alt no er det mykje kvar lærar kan gjera sjølv.

Lag eit årshjul

Til dømes kan det vera lurt å laga seg eit årshjul som seier kva som skal sjekkast kva tid. Ein hovudregel kan vera å gå over alt av språkinnstillingar for alle elevane ved semesterstart, og deretter setja seg nokre datoar for stikkprøvar for å sjekka at ikkje ting har hoppa over til bokmål att.

Hugsereglar

Det kan vera lurt å laga seg nokre hugsereglar, som at du ikkje må leggja inn snarvegar til eit

læremiddel på elevmaskinene eller elevbretta før du har gått inn og fiksa språkinnstillingane. For gjer du det, får elevane i mange tilfelle ein snarveg til bokmålsutgåva. Det same gjeld peikarar du sender ut i lekseplanar og liknande.

Tips frå Nynorsksenteret

På nettsida til Nynorsksenteret har me samla mange tips om innstillingar av digitale ressursar, alt frå korleis ein får nynorsk stavekontroll på iPad til korleis ein kan installera Windows på nynorsk. Målet er å gjera det litt lettare for lærarane å gje elevane eit digitalt læringsmiljø på nynorsk.

*Du finn innstillingshjelp på
nynorsksenteret.no/digitale*

NYNORSKOPPLÆRING nr. 38, 16. årgangen

BLADSTYRAR: Ingvild Myklebust Hovden

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Ole Jan Borgund

SKRIFTER: Comic strip (Phil Elliott), Auto og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDE: David Revoy (CC-BY 4.0)

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret.

Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.

Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

nynorsksenteret.no



Nettsida Nynorsk bok.no har blitt oppgradert slik at det skal verte enklare å få oversikt over gode bøker på nynorsk.

Nynorsk bok.no

TEKST: **Ingvild Myklebust Hovden** ILLUSTRASJON: **David Revoy**



PÅ FRAMSIDA TIL Nynorsk bok.no får du raskt oversikt over kva nye bøker som har kome ut for ulike aldersgrupper. Bøkene er delte inn i fire hovudkategoriar: Barnehage (0–6 år), barne-skule (6–12 år), ungdomsskule (12–16 år) og unge vaksne (16 år og oppover). Det finst bøker i ulike kategoriar – alt ifrå krim til biletbøker.

Når du har valt ein kategori, skal du få opp fleire tips til bøker som passar for aldersgruppa du har valt. Målet med Nynorsk bok.no er å gjere

det lettare for alle å finne fram til gode nynorsk-bøker, noko som er spesielt viktig for dei som arbeider i barnehagar, skular og bibliotek.

På Nynorsk bok.no finn du også boklister, podkastar med forfattarintervju og bøker med undervisningsopplegg.

– Målet med oppgraderinga er å gjere vegen kortare til å sjå det utvalet som finst, seier Arild Torvund Olsen ved Nynorsksenteret. ■

INNHALD

Få kontroll på språkinnstillingane av Arild Torvund Olsen	S. 2
Bruk nynorsk i barnehagen av Hildegunn Hovde	S. 4
Bygg språkleg sjølvtilitt av Liv Astrid Skåre Langnes	S. 6
Har vi ein plan? av Jorid Saure	S. 8
Bok på 1-2-3 i klasserommet av Irene Åbrekk Kalvatn og Guro Kristin Gjøsdaal	S. 10
Nynorsk i Den kulturelle skulesekken av Guro Kristin Gjøsdaal	S. 12
La borna finne bøker på Lesedig av Liv Astrid Skåre Langnes og Ingvild Myklebust Hovden	S. 13
Grammatikkopplæring med variasjon! av Reidun Kydland	S. 14
Nynorsk for innvandrarar av Guro Kristin Gjøsdaal	S. 15
Nynorsk på 1-2-3 av Arild Torvund Olsen og Kristoffer S. Mathisen	S. 16



Bø og Bæ til sjøs
Fritze og Bæ og Bæ og Bæ
Fritze og Bæ og Bæ og Bæ

Illustration
2017

Korleis gi skulestartarane eit godt utgangspunkt for å lære nynorsk?

Bruk nynorsk i barnehagen

TEKST: **Hildegunn Hovde** FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**

DET ER HAUST, og eit nytt årskull gjer seg klart for det siste året i barnehagen. Om lag 8000 av barna som kjem på førskulen i haust, skal ha nynorsk som hovudmål på skulen neste år, resten skal ha det som sidemål. Korleis kan vi legge til rette for at barnehagebarna får gode erfaringar med nynorsk før skulestart?

Rammeplanen seier at «[d]ei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen» (Udir 2017, s. 33–34). Dette rommar alt frå sosiale og fysiske ferdigheiter til ei gryande forståing av kva det vil seie å gå på skule. Dei fleste barn har ei klar meining om kva dei skal lære på skulen: alfabetet, tal, å lese og skrive osv. Rammeplanen seier også at barnehagen skal bidra til at barna «utforskar og gjer seg erfaringar med ulike skriftspråklege uttrykk, til dømes leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese- og skriveaktivitetar», og at personalet skal «støtte barna i leiken med og utforskinga av skriftspråket». Det er brei semje i faglitteraturen om at barn tileignar seg kunnskap om skrift og kva skrift kan brukast til, lenge før skulestart. Barn i nynorsk område må få skriftspråkstimulering på hovudmålet sitt for at dei skal kunne bli trygge nynorskbrukarar, og barn

i bokmålsområde bør få tidleg erfaring med det nynorske skriftspråket.

Finn fram gode barnebøker på nynorsk, og sørg for at bøkene også er tilgjengelege i barnehøgda etter lesestunda. I arbeid med skriftspråkstimulering på nynorsk er det viktig at den vaksne les høgt skriftnært, slik at barna får kjennskap til ord som er annleis enn dialekta dei brukar i det daglege. Snakk om skilnaden mellom nynorsk og bokmål. *Kva for lydar er annleis?* Døme: eg [e:g] – meg [me:g] samanlikna med jeg [jæɪ] – meg [mæɪ]. Dette er med på å bygge fonologisk medvit og gjere barna nyfikne på språklydar og nyansar i skriftspråket. Å ha tilgjengeleg teikne- og skrivesaker i leikekroken og å utforske lydar, ord og bokstavar saman med barna i lek og ved teiknebordet, er med på å vekkje nyfikne og undring. Eit anna viktig og undervurdert verktøy for skriftspråkstimulering på nynorsk er song. Syng mykje og ofte på nynorsk frå barna tek til i barnehagen. Det er med på å gi barna eit rikt ordforråd på nynorsk, og saman med høgtlesing og anna skriftspråkstimulering vil det vere med på å legge eit viktig grunnlag for den fyrste lese- og skriveopplæringa. Ha eit godt førskuleår! ■

Tips og gode ressursar finn du på:
www.nynorsksenteret.no
www.nynorsk bok.no

«Nynorsk er eit mindretalsspråk. Alle barn møter nynorsk i skolen, dei bør også få kjennskap til nynorsk i barnehagen.»
(Kunnskapsdepartementet 2009, s. 10)

Kjelder:

- E. Bjørhusdal & I.B. Budal (red.) (2017). *Nynorsk med dei minste*, Det Norske Samlaget.
A. Høigård, I. Mjør og T. Hoel (2009). *Temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen*. Kunnskapsdepartementet.
Utdanningsdirektoratet (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver*. Udir.

Åtte tips for språkleg sjølvttillit til nynorskelevane.

Bygg språkleg sjølvttillit

TEKST: **Liv Astrid Skåre Langnes** FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



Når elevane les nynorske tekstar dei engasjerer seg i, kan det auke oppfatninga av nynorsk som eit moderne språk som dei har lyst til å identifisere seg med og bruke sjølve.

1 Forklar at nynorskelevane har ein fordel

Nynorskelevane les og skriv nynorsk dagleg i skulen og har difor gode føresetnader for å bli gode i nynorsk. På grunn av ei massiv eksponering for bokmål i tekstane dei møter i fritida, lærer elevane bokmål parallelt med nynorsk, så å seie utan opplæring i skriftspråket. Ei god hovudmålsopplæring i nynorsk legg difor til rette for at nynorskelevane skal meistre begge skriftspråka godt.

2 Gje elevane språklege førebilete

Nynorskelevane treng å sjå at nynorsk er eit moderne språk som blir brukt av folk i alle aldrar, og eit språk som passar alle typar tekstar og medium. Elevane treng å erfare at nynorsk passar i alle samanhengar og blir brukt av personar dei ser opp til eller kan identifisere seg med.

3 Snakk om språk!

I læreplanen er det eit mål at elevane skal utvikle den språklege identiteten sin og oppleve at det å kunne språk er ein ressurs. Språklege samtalar kan gje elevane meir innsikt i kvifor vi snakkar og skriv slik vi gjer. De kan også samtale om kvifor språket er i endring, og kva kompetansar og kvalitetar det kan ligge i å meistre og kunne veksle mellom fleire språk, både skriftleg og munnleg.

4 Gje elevane aktuelle nynorske tekstar

Når elevane les tekstar dei opplever som aktuelle, les dei i tillegg tekstane meir grundig og med større engasjement. Dette kan vere positivt for språklæringa. Når elevane les nynorske tekstar dei engasjerer seg i, kan det auke oppfatninga av nynorsk som eit moderne språk som dei har lyst til å identifisere seg med og bruke sjølve.

5 La elevane møte autentiske skrive-situasjoner

Når elevar erfarer at andre vil lese tekstane dei skriv, kan dei bli meir motiverte til å skrive. På skulen kan de til dømes lage enkle nettsider, framsyningar og utstillingar i fellesområda. De kan også lage skrivekonkurransar i samarbeid med det lokale næringslivet eller sende inn tekstar til lokal-avisa, ungdomsavisa Framtida eller debattforumet Si:D i Aftenposten. Når tekstane blir lesne av andre enn læraren, blir skrivinga meningsfull. Det kan i neste omgang føre til at elevane blir stolte av tekstane sine og måten dei skriv på.

6 Hjelp elevane til god nynorsk språk-kompetanse

Det er mykje kjekkare å skrive eit språk ein meistrar, enn eit språk ein ikkje meistrar, og skulen har førsteprioritet med å hjelpe nynorskelevane til god språkleg kompetanse. Elevane treng både å lese og å skrive mykje nynorsk for å tileigne seg

god nynorskkompetanse. La dei lese og høyre tekstar av andre og skrive og arbeide med egne tekstar på varierte måtar. Gjennom eksplisitt og implisitt undervisning kan elevane lære kva som er god nynorsk språkføring.

7 Bruk nynorsk så mykje som råd i alle fag

Nynorskelevane meiner bokmålsdominansen i samfunnet er ei av årsakene til at nynorsk kan vere vanskeleg å meistre. Det er difor viktig at elevane får møte så mykje nynorsk som råd i skulen i alle fag. Dersom læraren bruker nynorsk i tekstar, som tavlespråk og i presentasjonar i undervisninga, aukar dette sjansen for at elevane sjølve skriv notat og tekstar på nynorsk. I denne skriftspråklege praksisen, med lesing av fagtekstar og uformell notatskriving, ligg mykje viktig språklæring.

8 Sikre rettane til nynorskelevane

Skulen har ansvaret for å kjenne til dei språklege rettane til nynorskelevane og sikre at dei blir oppfylte. Skulen må passe på at elevane får læremiddel på nynorsk slik dei har krav på, og språkinnstillingane på digitale einingar og verk-tøy må alltid vere rette og oppdaterte. Dersom elevane blir gjorde medvitne om dei språklege rettane sine, og skulen tek desse rettane på alvor, vil elevane oppleve at språket deira er både verdifullt og viktig. ■

SIDEMÅL: Skal LK20 fremje ei betre språkopplæring i nynorsk som sidemål, må pedagogisk praksis endrast og ressursar tilførast. Vi må dessutan løfte fram nynorsken som relevant og aktuell kunnskap som elevane kan bruke i fleire kontekstar enn dei gjer i dag.

Har vi ein plan?

TEKST: **Jorid Saure** FOTO: **Daniel Gonzalez**



EIT SENTRALT MÅL i den nye læreplanen er å gjere læringsutbyttet meir relevant for elevane og å skape ein tydelegare samanheng mellom fag-områda. Elevane skal oppleve at kunnskapen og kompetansen dei tileignar seg, kan brukast på tvers av faga, og dei skal oppleve motivasjon og meistring på skulen. Opplæringa i nynorsk som sidemål handlar ikkje berre om å gje elevane ein skrivekompetanse. Opplæringa skal også fremje dei kognitive, sosiale og kulturelle kunnskapane til elevane og gje dei ein språkleg kompetanse som dei får bruk for i fleire fag enn norskfaget.

Tid for å fornye opplæringa i nynorsk som sidemål

Å implementere den nye læreplanen krev endring av pedagogisk praksis, noko som både er tid- og ressurskrevjande. Trass i gode intensjonar i tidlegare læreplanar, veit vi at elevane som har bokmål som hovudmål, ikkje tileigna seg god nok nynorskkompetanse gjennom fullført tretten-årig skulegang (Jansson, 2011). Avviket mellom opplæringsmåla i læreplanen og den oppnådde språkkompetansen har vore for stort. Skal LK20 fremje ei betre språkopplæring i nynorsk som sidemål, må pedagogisk praksis endrast og ressursar tilførast. Lærarane må få kurstilbod om fagleg fornying og det må bli sett av tid til samarbeid og utviklingsarbeid hjå dei enkelte skulane. Ikkje minst må fysiske og digitale læreverk gjerast tilgjengelege og skulebiblioteka bli opprusta med nynorsk litteratur.

Aktuelt, relevant og motiverande!

Korleis kan vi leggje til rette for at elevane får ein betre språkkompetanse i nynorsk og meir positive haldningar til språket? Eit avgjerande punkt er at vi prøver å integrere nynorskopplæringa i

resten av det skulefaglege arbeidet. Vi må syne fram nynorsk som eit bruksspråk og la elevane utforske og eksperimentere med språket. Elevane må forsøke å sjå grammatiske strukturar som går på tvers av språka, øve og feile, skrive for autentiske lesarar og møte nynorsk kvar dag gjennom korte og lange lese- og skriveoppgåver. Vi må rett og slett organisere undervisinga slik at elevane møter nynorsken som eit relevant og aktuelt kunnskapsstoff som dei kan bruke i fleire kontekstar enn dei gjer i dag. Elevane må oppleve det å lære nynorsk som aktuelt, relevant og motiverande. Først då klarer vi å plassere sidesmålsopplæringa i det større utdannings- og danningssopdraget som LK20 har gitt oss.

Å fremje ein heilskapleg språkkompetanse

Vi på Nynorsksenteret ønskjer å vere eit ressurs-senter for ei engasjerande nynorskopplæring som er i tråd med rådande språkdidaktisk forskning og sentrale mål i læreplanen. På sidene våre finn du no eit forslag til ein plan for sidesmålsopplæring på ungdomstrinnet. I sidesmålsplanen gjev vi døme på korleis lærarane kan drive ei utforskande språkopplæring i klasserommet og leggje til rette for ein heilskapleg språkkompetanse i nynorsk. I planen finn de konkrete døme på korleis ein kan jobbe for å kontekstualisere språkopplæringa og korleis ein kan fremje ein induktiv og bevisstgjerande språkdidaktikk i klasserommet. Målet er at forslaga i sidesmålsplanen kan brukast som utgangspunkt til å vidareutvikle skulen sin nye

Du finn eit forslag til plan for nynorsk sidesmålsopplæring på ungdomstrinnet på nynorsksenteret.no/plan

språkopplæringspraksis i nynorsk. Kanskje kan skuleåret 2022/2023 markere starten på ei fornya opplæring i nynorsk som sidemål? Vi på Nynorsksenteret høyrer gjerne frå deg og skulen din om de vil diskutere og få tips og råd til korleis de kan vidareutvikle nynorskopplæringa ved skulen dykkar. Skal elevane våre bli betre i nynorsk, treng vi å tenkje nytt om korleis vi kan arbeide for å nå måla i LK20, og Nynorsksenteret vil gjerne vise veg. ■

Kjelder

Jansson, Kolberg B. & Skjong, S. (2011). *Norsk = Nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen*. Det Norske Samlaget.

Kunnskapsdepartementet. (2020). Overordna del – verdier og prinsipp for grunnopplæringa. Henta frå: www.udir.no/lk20/overordnet-del/?lang=nno

Utdanningsdirektoratet. (2020). Læreplan i norsk. Henta frå: www.udir.no/lk20/noro1-06?lang=nno

Bok på 1-2-3 er ei satsing hos Nynorsksenteret der 1.-4. og 5.-7. trinnet får tverrfaglege undervisningsopplegg til gode nynorske bøker. Opplegga er prega av leik, undring og læreglede og utforma slik at dei er enkle å ta i bruk i klasserommet.

Bok på 1-2-3 i klasserommet

TEKST: **Trene Åbrekk Kalvatn** og **Guro Kristin Gjøsdaal** FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



BOK PÅ 1-2-3 ønsker å vere eit bidrag til god nynorskopplæring, ferdigheiter og språkleg identitet for 1.–7. trinn. Satsinga kan medverke til merksemd om at nynorsk er eit funksjonelt og levande språk som kan brukast i alle samanhengar. Opplegga kan brukast uavhengig av kva som er hovudmålet til elevane, og dei kan også nyttast i opplæringa i nynorsk for innvandrarar.

Tverrfaglege og estetiske læreprossar i LK20

Læreplanverket definerer fem grunnleggande ferdigheiter: lesing, skriving, rekning, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter. I LK20 er estetiske læreprossar, det tverrfaglege og djupnelæring også vektlagde. Dette legg vi til grunn når vi utarbeider opplegga i Bok på 1-2-3. All læring er grunnleggande sett kroppsleg og subjektiv, og læringsprosessen vil vekke minne. Elevane får høve til å oppleve og gå i djupna på nyare nynorsk barnelitteratur. Ein viktig tanke er at elevane skal få både undre seg, leike, bruke kreativiteten sin, samarbeide og oppleve lærelyst.

Fast mal

Kvart opplegg følger i stor grad den same malen. Det er fire hovuddelar, og alle delane har fått ei estimert tidsramme. Dette gjer at det er lett å planlegge tida ein treng for å gjennomføre opplegget. Til nokre av opplegga er det også laga tilleggsoppgåver som kan gjennomførast dersom ein ønskjer det. Dette er gjerne praktiske aktivitetar, til dømes skodespel, song, uteaktivitet, kunst og handverksrelaterte aktivitetar. Det er eit mål at alle elevane skal kjenne at dei er inkluderte i det som skjer i klasserommet. Lærarane er

dei som kjenner elevane og klassen sin best, og sidan aktivitetane i Bok på 1-2-3 er varierte, kan dei også med enkle grep tilpassast elevgruppa dei skal gjennomførast i.

Gratis strøyming

For at bøkene skal vere enda meir tilgjengelege for klasserommet, ligg dei (eller utdraga) ute for gratis strøyming i ein periode. Dermed er det enkelt å få boka opp på storskjerm i klasserommet medan ein les for elevane. Det er også mogleg å låne bøkene på biblioteket dersom ein ønskjer å gjennomføre opplegget etter at perioden for gratis strøyming har gått ut, eller dersom ein vil lese heile boka og berre eit utdrag er tilgjengeleg for strøyming.

Ulike tema

Mange av FNs berekraftsmål vert dekte av opplegga i Bok på 1-2-3. I tillegg er temaa mange og varierte. Ein kan til dømes lære om eventyr, folkedans og gamle dagar, natur, miljø og klima, den andre verdskrigen, identitet, likeverd, forelsking og vennskap.

Samarbeid med forfattarar og illustratørar

Bok på 1-2-3 tek utgangspunkt i gode nynorske barnebøker, og Nynorsksenteret samarbeider med kjende forfattarar og illustratørar. Maria Parr, Erna Osland, Ruth Lillegraven, Odd Nordstoga og Kari Stai er nokre av namna bak bøkene opplegga har teke utgangspunkt i. Hausten 2022 vil det vere 35 undervisningsopplegg i satsinga. Dei nyaste har gratis strøyming.

Spørsmål om satsinga kan rettast til Guro Kristin Gjøsdal på guro@nynorsksenteret.no. ■



Lærar Tone Marie Aurdal nytta *Huldra Hildur veka* før klassen på 2. trinn skulle besøke eit bygdetun for å lære meir om «gamle dagar».

– Det var godt å få litt ny inspirasjon og plasere temaet slik at det passa til bygdetunveka som vi hadde veka etterpå, seier Tone Marie Aurdal.

– Elevane syntest det var veldig kjekt, og dei lærte mykje nytt, fortel ho vidare.

Kjelder

- LK20
- nynorsksenteret.no/blogg/bok-pa-1-2-3-varen-2022
- Østern, Tone Pernille, Bjerke, Øyvind, Engelsrud, Gunn og Sorum, Anne Grut (red.) (2021): *Kroppslig læring. Perspektiver og praksiser*. Universitetsforlaget, Oslo.
- www.udir.no/laring-og-trivsel/nynorsk/

Alle opplegga ligg til gratis bruk på nynorsksenteret.no/123

Norsk = nynorsk + bokmål. Denne innsikta skal syne att i satsinga Meir nynorsk i Den kulturelle skulesekken (DKS).

Nynorsk i Den kulturelle skulesekken

TEKST: **Guro Kristin Gjøsdaal** FOTO: **Erik Brandsborg / Kulturtanken**



Belinda Braza Crew på konferansen *Den mangfoldige nynorsken*.

KULTURTANKEN, Nynorsksenteret og fylka Vestland, Møre og Romsdal og Vestfold og Telemark har etablert satsinga Meir nynorsk i DKS. Målet med ordninga er å auke mengda DKS-produksjonar der nynorsk vert opplevd som relevant, representativt og for alle elevar. Den kulturelle skulesekken er ei demokratisk ordning som gjer at barn og unge vert eksponerte for språk og kultur dei kanskje ikkje ville ha valt sjølve, og

som gir elevane rett til å bli eksponerte for kunst og kultur uavhengig av kvar dei bur, kva slags klassebakgrunn dei har, og kven dei føresette er.

Sjølv om nynorsk og bokmål er likestilte, er det bokmål som dominerer i samfunnet. Mindretalsspråket nynorsk treng difor mindretalsvern. Språklova, opplæringslova, læreplanen og kulturmeldinga for barn og unge er med på å fremje jamstilling av dei to skriftspråka bokmål og nynorsk

i opplæringsfeltet og kulturfeltet, og å styrke nynorsk som det minst brukte skriftspråket. Dette er det ønskeleg å legge meir vekt på også innanfor Den kulturelle skulesekken.

Kva er ein nynorsk produksjon i DKS?

Ein nynorsk produksjon i DKS er ein produksjon der alt skriftleg er på nynorsk, til dømes manus, skriftleg og pedagogisk materiell og ressursar til bruk i klasserommet. Nynorsk kan vere representert i alle kunst- og kulturuttrykk, i digital formidling og analog formidling. Barn og unge skal møte nynorsk i varierte uttrykk og moderne former. Dette kan vere eit bidrag til å bygge både nynorskspråkleg identitet og toleranse hjå målgruppa.

Samhandling mellom nynorskopplæring og estetiske læreprossar

I Den kulturelle skulesekken møter opplæringsfeltet kulturfeltet. Å ha kunnskap i å formidle nynorsk og estetiske læringsprossar som ein viktig del av opplæringa gir grunnlag for sunne haldningar til språk og kultur. Mange produksjonar i Den kulturelle skulesekken er det knytt undervisningsopplegg til. Opplegga finn du i informasjonen om produksjonen på nettsida www.denkulturelleskulesekken.no. Kulturtanken arbeider med å gjere samhandlinga mellom produksjonar og skule endå betre. ■

Lesedigg er ein heilt ny nynorsk digital bokportal for born mellom 7 og 13 år. I portalen kan borna søkje etter bøker ut frå gjevne kriterium og lese korte bokmeldingar om bøkene dei finn i søket.

La borna finne bøker på Lesedigg

TEKST: **Liv Astrid Skåre Langnes** og **Ingvild Myklebust Hovden** FOTO: **Camilla Ruhs**



Lisa Risnes, Leah Nerhus Bjelland, Malene Hansen, Selma Almås og Filip Lups i femte klasse på Sagvåg skule på Stord har gjeve råd under utviklinga av Lesedigg. Her med redaktør Svein Olav B. Langåker under førpremieren på Sagvåg skule.

I JUNI VART LESEDIGG.NO lansert under Fest-spela. Ved hjelp av emojiar og andre søkjefunksjonar kan borna søkje seg fram til bøker som passar for akkurat dei. Dei kan til dømes velje kor lang boka skal vere, om ho skal vere lettlesn, og om boka skal innehalde berre tekst eller mange bilde. Nettstaden blir dagleg oppdatert med nye saker frå den nynorske nettavisa Framtida junior.

– Målet er å hjelpe born med å finne kjekke bøker som passar for dei, seier Svein Olav B. Langåker, som er redaktør for Framtida Junior og leiar for Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK).

Ein del born er kanskje litt sjenerte når dei skal innom biblioteket for å låne bøker. Då kan ei teneste som Lesedigg vere fin å ha.

– Søkjefunksjonane som biblioteka har i dag, er ikkje retta mot born. Vi håper at born kan bruke Lesedigg.no også når dei er på biblioteket, seier Langåker.

Lesedigg er utvikla av LNK ved Framtida Junior, Nynorsk kultursentrum, Nynorsksenteret og seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune. ■

Vi treng grammatikkunnskapar for å ha eit språk til å snakke saman om språk, og eit omgrepsapparat for å kunne diskutere grammatikk.

Grammatikkopplæring med variasjon!

TEKST: **Reidun Kydand** FOTO: **Kelly Sikkema**

EIT KJERNEELEMENT I norskfaget er at elevane skal kunne «leike, utforske og eksperimentere med språket på kreative måtar». Dette inneber at elevane skal få både kunnskapar og ferdigheiter, og det blir peika på nokre metodar for arbeidet. Her er nokre råd til arbeidet med grammatikk:

1 Det er viktig å bruke varierte metodar i grammatikkopplæringa. Å fylle inn i eit ferdig bøyings skjema må ikkje vere den dominerande arbeidsmåten, det er heller ikkje så motiverande for elevar. For mykje «skjemaoppstillingar, utfyllingsoppgåver og drill» gjer at verken grammatikkundervisninga eller nynorskopplæringa blir relevant, spennande eller utviklande (Søfteland, 2021).

2 Grammatikkopplæring må ikkje vere eit ansvar for sidemålsopplæringa aleine, det trengst meir grammatikkopplæring i heile skoleløpet. Grammatikk bør ein arbeide med også på hovudmålet, eller tverrfagleg med engelsk, andre framandspråk og andre morsmål. Sterke verb finst ikkje berre i nynorsk!

3 Elevane har ein innebygd grammatikk, dei veit kva som er rett og gale, utan at dei nødvendigvis kan seie kvifor. Det er lurt å bruke elevane sitt eige talemål som utgangspunkt for å arbeide med grammatikk.



4 Arbeid samanliknande med bokmål, nynorsk, talemål, engelsk – og alle andre språk. Kva er likt, og kva er ulikt?

5 Trekk inn grammatikkspørsmål i samband med tekstarbeid, enten det gjeld skrivning av eigne tekstar eller lesing. Vel engasjerande tekstar.

6 La elevane få arbeide induktivt og undersøke med grammatikk, og la dei forske på språk. All språkleg variasjon er ein ressurs, og språk er dynamiske. Det er eit mål at elevane skal

bli meir medvitne om korleis dei sjølve og andre bruker språk på ulike vis.

Vidare lesing

Blikstad-Balas, M. og Roe, A. (2020).

Hva foregår i norsktimene? Utfordringer og muligheter i norskfaget på ungdomstrinnet. Universitetsforlaget.

Søfteland, Å. (2021). Nynorskopplæring med utforskande tilnærming til grammatikk. I K. Kverndokken, J.O. Bakke og I.B. Budal (red.). *101 grep om grammatikk – om språket som system og språket i bruk.* Fagbokforlaget.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse har gjeve Nynorsksenteret ansvaret for rettleiing av dei som driv med nynorskopplæring for vaksne innvandrarar.

Nynorsk for innvandrarar

TEKST: **Guro Kristin Gjøsdaal** FOTO: **Tone Brandal**



Kontaktperson for oppdraget er Guro Kristin Gjøsdaal: guro@nynorsksenteret.no

FORMÅLET MED OPPGÅVA Nynorsksenteret har fått av HK-direktoratet, er å vere med på å styrke opplæringa på nynorsk for vaksne innvandrarar. Avtalen skal legge til rette for at deltakarar som bur i nynorsk kommunar, får opplæring i norsk og samfunnskunnskap på nynorsk. Vi ønsker å vere med på å sikre lærarar ved vaksenopplæringssentera god rettleiing i bruk av nynorsk i opplæringa

etter læreplan i norsk og for vaksne innvandrarar. Innanfor LK20 vil vi også ta vare på perspektivet med nynorsk for innvandrarar.


Oppdraget

Nynorsksenteret er gjennom denne avtalen gjeve ansvar for å vere kompetansesenter for kommunar som gjev tilbod om norskopplæring til vaksne inn-


vandrarar på nynorsk, eller som planlegg å gje slik opplæring. Vi skal gje rettleiing og vere ein ressurs i faglege og pedagogiske spørsmål som gjeld målgruppa. Med grunnlag i opplæringslova og integreringslova skal senteret medverke til å samordne og styrke undervisninga som skjer lokalt, slik at opplæringa kan vere best mogleg tilpassa ulike grupper av elevar. Vi samhandlar med HK-direktoratet, tidlegare koordinator for nettverket, Mali Åm, aktuelle vaksenopplæringssenter med nynorsk for innvandrarar, og fagmiljø som tek hand om norsk for innvandrarar og interkulturell pedagogikk.

Nettverksbygging er ei sentral oppgåve i oppdraget. Nynorsksenteret vil arrangere digitale og fysiske samlingar for lærarar som underviser i nynorsk for vaksne innvandrarar. Senteret skal også ha oversyn over aktuelle læremiddel og læringsressursar. Dette oversynet vert tilgjengeleg på ei eiga ressurside på heimesida til Nynorsksenteret, saman med annan praktisk informasjon til målgruppa.

Kontaktperson for oppdraget er Guro Kristin Gjøsdaal. Ho har sjølv arbeidd i vaksenopplæringa og er oppteken av interkulturell pedagogikk og god opplæring for dei som lærer nynorsk som innvandrarar. De som arbeider eller er interesserte i denne målgruppa, er velkomne til å ta kontakt og kome med spørsmål og synspunkt på adressa guro@nynorsksenteret.no. ■



RETURADRESSE: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



Teikna av Kristoffer S. Mathisen

NYNORSK PÅ 1-2-3

Nynorsk på 1-2-3 er eit nynorsk kurs i teikneserieform.

På nynorsksenteret.no/materiell kan du tinge gratis klassesett av teikneserien.